

**Fra:** Postmottak Alver <post@alver.kommune.no>  
**Sendt:** mandag 6. februar 2023 15:34  
**Til:** Tove Mette Arnø Fyllingen  
**Emne:** VS: Orientering siste forureining Mjåtveitelva

---

**Fra:** Leif Johnsen <ljholme@online.no>  
**Sendt:** mandag 6. februar 2023 15:06  
**Til:** Postmottak Alver <post@alver.kommune.no>  
**Kopi:** Sara Sekkingstad <sara.sekkingstad@alver.kommune.no>  
**Emne:** Orientering siste forureining Mjåtveitelva

Hei.

**Ønkje om orientering etter siste forureining til Mjåtveiteleva i starten av januar.**

Eg ber Formannskapet i møtet 9. febr. få ei orientering om flg punkt og andre relevante opplysningar om episoden:

- tilstanden i elva no
- resultatane av vassprøvene som er tekne etter utsleppet
- tiltaka som er sette i verk etter at Mjåtveit Næringspark stoppa arbeidet som førte til siste utslepp

Politianmeldinga frå Miljøvernforbundet er henlagt med grunngjeving i at Alver kommune sjølv undersøkjer saken.  
Det reiser flg spm:

Kan det bli aktuelt at Alver kommune melder saka til politiet dersom funna viser ulovleg arbeid og brot på føresegner og vilkår?

Både Alver kommune og heile regionen sitt rykte er i spel no når det gjeld Mjåtveitelva og den raudlista elvemuslingen.  
Mjåtveitelva er tema i internasjonale fora for elvemuslingar, både som døme på gode tiltak, den akvatiske reinseparken, men òg som døme på slett forvaltning, utbygging for nær vassdraget og hyppige episodar med forureining.  
Skulle no muslingstammen i verste falo vere kvelt av steinstøv, blir det ein miljøskandale nasjonalt og internasjonalt, knytt til ikkje bare Mjåtveit Næringspark, men òg Alver og Nordhordland, noko som sjølvsgatt vil skade UNESCO Biosfærestatusen.

Helsing  
Leif Johnsen,  
Alver MDG.